

RADØY KOMMUNE
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 25.01.2017
Vår ref.: 2017/605-2
Saksbehandlar: snowaag
Dykkar ref.:

Fråsegn til Skårnesvika naust og småbåthamn - detaljregulering - Radøy kommune

Vi viser til brev datert 23.01.2017 om høyring av forslag til detaljregulering for Skårnesvika naust og småbåthamn. Hovudføremålet med reguleringa er utbygging av 8 nye naust, småbåthamn, båtopptrekk og tilhøyrande veg- og grøntareal. Føremålet er i hovudsak i samsvar med overordna plan der området er sett av til småbåthamn og naustområde. Det er vurdert at planarbeidet ikkje vil utløyse krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til uttale til oppstartsmelding av 21.06.2016.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: www.hordaland.no

Vurdering

Kulturminne og kulturmiljø

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor planområdet. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Då planen har areal i sjø har saka vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum. Sjøfartsmuseet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli råka av reguleringa. Elles gjer Bergens Sjøfartsmuseum merksam på at tiltakshavar er pliktig å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne, jf. kulturminnelova § 14. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan verte råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i kulturminnelova.

Planfaglege merknader

Det er vår vurdering at innspela vi hadde til oppstartsmeldinga for detaljreguleringa for Skårnesvika er godt teke i vare gjennom planforslaget som no er på høyring.

Vi har difor ingen vidare merknader til planforslaget.

Marit Rødseth
Plansjef

Snorre Waage
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Snorre Waage, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Monika Serafinska, Fylkeskonservatoren, Avdeling for kultur og idrett

Kopi til:

FYLKESMANNEN I HORDALAND

Statens vegvesen - Region Vest